



Uskedal i Hardanger - 1915

Uskedalsbiletet til Lars Jorde – truleg måla i området nedafor Vågabrekko.

**Uskedalen har vore motiv for ein målar som er representert med åtte måleri i Nasjonalgalleriet i Oslo.**

Granheim Lungesjukehus i Gausdal, nord for Lillehammer, har ei eineståande samling av måleri av Lars Jorde (1865-1939) Han var frå Vang på Hedemarken, men budde på Lillehammer det meste av livet.

I perioden 1908-1927 hadde han eit svært spesielt oppdrag, han skulle dekorere Granheim Sanatorium med måleri.



Rosendal-motivet til Lars Jorde som også var eit resultat av opphaldet i 1915.

Hovudbiletet vart hans praktfulle "St. Hanskveld ved Mjøsen" og dei fleste av dei andre måleria i serien har fjellmotiv frå Gudbrandsdalen.

Men tre bilete skiller seg ut – dei er frå Kvinnherad. Eit måleri er frå området nedanfor Vågabrekko i Uskedalen og med Skorpo utover mot Gavlen i bakgrunnen, eit anna har Malmangernuten som blikkefang i bakgrunnen og eit tredje har Gygrastolen som sentralt motiv.

Men kvifor så dette nok overraskande vestlandske innslaget i serien? Jau, forklaringa er at Jorde og hans enda meir kjende kollega Thorvald Erichsen sommeren 1915 drog til Kvinnherad for å måla. Jorde-biograf Ole Rønning Johannesen kallar resultatet av turen eineståande. Det er ingen tvil om at dei hadde godt utbytte av opphaldet.

Jorde-samlinga i på Granheim vart restaurert i samband med 100-årsjubileet for Granheim i 2005 og det er no laga eit hefte som presenterer bileta.

Av Ola Matti Mathisen



Gygrastolen slik Lars Jorde såg fjellet under opphaldet i Kvinnherad.